

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

Val av kommunenamn 2

Framlegg til vedtak:

1. Det vert nedsett ein namnekomité som skal leie den politiske prosessen med å føreslå namn for den nye kommunen. Komiteen skal bestå av to politikarar frå kvar kommune.
2. Komiteen får sekretærstønad frå ..
3. Komiteen får i mandat til å setja opp ein plan for prosessen med val av namn, samt til å koma med innstilling om nytt namn til den førebuande fellesnemnda. Følgjande prosesskrav gjeld:
 - a. Arbeidet skal ta med innspel og dei forslaga som har kome fram gjennom dei ulike prosessane som allereie er gjennomførde.
 - b. Komiteen gjennomfører namneprosessen ut ifrå prinsippa for valet som presenterast i pkt. 4.
 - c. Komiteen leige inn kompetanse på å gjennomføra slike namn- og identitetsprosessar, som har metodikk og måleverktøy for å raskt gjennomføre involvering av innbyggjarane i prosessen.
 - d. Komiteen konkretiserer i plan for prosessen korleis innbyggjarar og næringsliv skal bli inkluderte i prosessen, basert på tilrådinga i saksutreiinga og råd frå innleigd prosesskompetanse.
 - e. Komiteen etablerer ein fagkomité som skal fungere som ei referansegruppe med noko ekspertkompetanse og med lokal forankring, som skal arbeide fram ei lita gruppe namn som skal innstillast på til fellesnemnda.
 - f. Komiteen gir si innstilling slik at den kan bli behandla i dei tre eksisterande kommunestyra før § 25-møtet.
4. Komiteen skal foreslå namn etter følgjande prinsipp: Namnet skal vera eit geografisk namn og/eller eit stadnamn frå minst ein av dei tre kommunane. Det skal ikkje nyttast bokstavkombinasjonar henta frå dei noverande kommunane (t.d. LIMERA kommune), eller andre «opne namn» (t.d. «Vår kommune»). Komiteen bør søkja å finna eit mest mogleg samlande namn, som flest mogleg av innbyggjarane meiner lett kan identifisera kommunen. Komiteen bør gjennomføra ei drøfting av kor mykje ein skal vekta namn basert på historie, opp mot korleis namnet presenterer kommunen i framtida. Seinare skal det også utarbeidast kommunevåpen og verdiord/slagord.

Komiteen bør vurderer om namneframlegg får konsekvensar for kommunevåpen og verdiord/slagord.

5. Komiteen skal gi statusrapportar til møta i den foreløpige fellesnemnda.
6. Kostnadar til komiteens arbeid blir dekte av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Førebuaende fellesnemnd - ny kommune - 011/17

FELLES - behandling:

Bjarte Vatnøy, Lindås, fremja forslag om at Lindås kommune skal ha tre medlemmar i namnekomiteen.

Framlegget frå Bjarte Vatnøy vart satt opp mot punkt ein i framlegg frå saksførebuaende nemnd. Framlegget frå Bjarte Vatnøy fekk 3 røyster og fall.

Ordførar i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes, fremja følgjande framlegg: «Medlemmane i namnekomiteen skal ha vara.» som tillegg til punkt ein.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Ordførar i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes, fremja følgjande forslag: «Namnekomiteen konstituerar seg sjølv med leiar og nestleiar» som nytt punkt sju.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg til medlemmar av namnekomité:

Laila Pletten og Jostein Borlaug frå Radøy

1. vara: Else Marie Dale
2. vara: Kenneth Murberg

Nils Marton Aadland og Anne Grete Eide frå Meland

1. vara: Sølvi Knudsen
2. vara: Øyvind Bratshaug

Asle Hetlebakke og Nina Bognøy frå Lindås

1. vara: Bjarte Vatnøy
2. vara: Anna Valle

Framlegg til sekretærstønad:

Meland kommune

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FELLES - vedtak:

1. Det er nedsett ein namnekomité som skal leie den politiske prosessen med å føreslå namn for den nye kommunen. Komiteen skal bestå av to politikarar frå kvar kommune med vara. Medlemmer med vara:

Radøy:

Laila Pletten og Jostein Borlaug

1. vara: Else Marie Dale
2. vara: Kenneth Murberg

Meland:

Nils Marton Aadland og Anne Grete Eide

1. vara: Sølvi Knudsen
2. vara: Øyvind Bratshaug

Lindås:

Asle Hetlebakke og Nina Bognøy

1. vara: Bjarte Vatnøy
2. vara: Anna Valle

2. Komiteen får sekretærstønad frå Meland kommune.
3. Komiteen får i mandat til å setja opp ein plan for prosessen med val av namn, samt til å koma med innstilling om nytt namn til den førebunde fellesnemnda. Følgjande prosesskrav gjeld:
 - a. Arbeidet skal ta med innspel og dei forslaga som har kome fram gjennom dei ulike prosessane som allereie er gjennomførde.
 - b. Komiteen gjennomfører namneprosessen ut ifrå prinsippa for valet som presenterast i pkt. 4.
 - c. Komiteen leige inn kompetanse på å gjennomføra slike namn- og identitetsprosessar, som har metodikk og måleverktøy for å raskt gjennomføre involvering av innbyggjarane i prosessen.
 - d. Komiteen konkretiserer i plan for prosessen korleis innbyggjarar og næringsliv skal bli inkluderte i prosessen, basert på tilrådinga i saksutreiinga og råd frå innleidd prosesskompetanse.
 - e. Komiteen etablerer ein fagkomité som skal fungere som ei referansegruppe med noko ekspertkompetanse og med lokal forankring, som skal arbeide fram ei lita gruppe namn som skal innstillast på til fellesnemnda.
 - f. Komiteen gir si innstilling slik at den kan bli behandla i dei tre eksisterande kommunestyra før § 25-møtet.
4. Komiteen skal foreslå namn etter følgjande prinsipp: Namnet skal vera eit geografisk namn og/eller eit stadnamn frå minst ein av dei tre kommunane. Det skal ikkje nyttast bokstavkombinasjonar henta frå dei noverande kommunane (t.d. LIMERA kommune), eller andre «opne namn» (t.d. «Vår kommune»). Komiteen bør søkja å finna eit mest mogleg samlande namn, som flest mogleg av innbyggjarane meiner lett kan identifisera kommunen. Komiteen bør gjennomføra ei drøfting av kor mykje ein skal vekta namn basert på historie, opp mot korleis namnet presenterer kommunen i framtida. Seinare skal det også utarbeidast kommunevåpen og verdiord/slagord. Komiteen bør vurdere om namneframlegg får konsekvensar for kommunevåpen og verdiord/slagord.
5. Komiteen skal gi statusrapportar til møta i den foreløpige fellesnemnda.
6. Kostnadar til komiteens arbeid blir dekte av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
7. Namnekomiteen konstituerar seg sjølv med leiar og nestleiar

Saksopplysningar:
Saksopplysningar:

Samandrag:

Kommunenamn er ein viktig identitetsberar. Namnet på den nye kommunen blir fastsett på § 25-møtet, under leiing av fylkesmannen. Dette møtet blir ikkje gjennomført før det ligg klart eit forslag til namn som er vedteke av dei tre eksisterande kommunestyra. Namnet skal fastsettast i kongeleg resolusjon hausten 2017, etter kommunelovens § 3.

Prosessen med val av namn på den nye kommunen er avgjerande for å sikra god tilknytning og eigarskap til namnet som blir valt. Den vil derfor inkludera aktivitetar for å sikra medverknad frå både innbyggjarar, næringsliv, samt ulike lag og foreiningar. Utarbeidinga av ein plan for korleis ein skal gjennomføra dette arbeidet blir viktig for å sikre ein slik medverknad.

Innstillinga til namnekomiteen bør først bli handsama av ein fagkomité, eit saksførebuande utval og den førebuaende fellesnemnda, deretter i aktuelle råd og utval, komitear, formannskap og kommunestyra i dei tre eksisterande kommunane.

Saksutgreiing:

Departementet legg opp til at namn på ny kommune skal fastsettast i kongeleg resolusjon hausten 2017. Fylkesmannen sender ønska namn for den nye kommunen inn til departementet, og departementet vil i si behandling legge vekt på kommunenes forslag og ønske om nytt namn. Det ligg føringar på at namnet skal vere unikt, og med det er det meint at det ikkje skal finnast andre kommunar med same namn. Namneforlaga vil og sendes på høyring til Språkrådet.

Det har allereie vore ein del debattar for å finne nytt kommunenamn, men det er ikkje konkludert. Debattane som har vore, har likevel gitt ei viss nyttig avgrensing i namnsetjinga. Arbeidet til komiteen skal ta utgangpunkt i dei forlaga som allereie finst og gjennomføra ein strukturert prosess for identifisera gode forslag til nytt namn på kommunen. Føremålet er å skapa ei brei involvering for å finna eit namn som flest mogleg av innbyggjarane kan identifisera seg med. Innbyggjarar og næringsliv skal derfor bli inkluderte i prosessen. I prosessen med å utarbeida ei innstilling, tilrår vi at komiteen skaffar ekstern bistand som har kompetanse på slike prosessar og som har kartleggingsverktøy for gjennomføring. Dette er for å sikra at prosessen blir gjennomført på ein rask og kompetent måte.

Vi tilrår også at komiteen utnemner ein fagkomité som blir sett saman av eksempelvis ein historikar med lokalkunnskap, språkkyndig kompetanse innan namneval, samt representantar for ungdom, eldre, og næringsliv i kommunane. Fagkomiteen utarbeider ei innstilling til komiteen basert på det arbeidet dei gjer, og ut i frå prinsippa som ligg til grunn.

Det er forventa at dei som yter ekstern bistand til komiteen gjennomfører ei kartlegging av kva innbyggjarane i dei tre kommunane assosierer med kommunen sin, og andre perspektiv på kva som kjenneteiknar kommunane. Denne informasjonen skal ein deretter føra saman med det som tidlegare debattar har avdekkja. Basert på dette må fagkomiteen koma med ei innstilling som gjer greie for 3-5 namn som er aktuelle. Fagkomiteen må i innstillinga også koma med ei klar tilråding til kva namn dei meiner komiteen bør innstilla og arbeida vidare med i den politiske handsaminga.

Ein må gjennomføra prosessen slik at forslaget frå den førebelse fellesnemnda blir sendt til behandling i kommunane tidsnok til at ein kan gje ei forsvarleg handsaming av saka i dei

relevante kommunale organa. Det vil seie at det skal vera tid til å handsama komiteen sitt forslag først i det saksførebuande utvalet og den førebelse fellesnemnda, deretter i aktuelle råd og utval, komitear, formannskap og kommunestyre i dei tre kommunane. På bakgrunn av dette bør ein handsama namnevalet i den førebende fellesnemnda den 15. mai.

Vurderingar:

Kommunenamnet er ein viktig identitetsberar og bør koma fram som eit resultat av ein inkluderande prosess blant innbyggjarar og næringsliv. God og rask framdrift i arbeidet er avgjerande, ettersom inndelingslova stiller krav om at namnet skal vera vedteke i kommunane før ein kan handsama det i § 25. Gjennomføringa av § 25-møtet er avgjerande for framdrifta i den vidare prosessen, noko som stiller store krav til gode og strenge prioriteringar i arbeidet som komiteen skal gjennomføra.

Økonomiske konsekvensar:

Komiteen sitt arbeid vil føra med seg enkelte utgifter, til dømes honorering av komitémedlemmane, fagkomitémedlemmane og den eksterne kompetansen. Vi foreslår derfor i denne saka å sette av eit budsjett på kroner 200.000 til utvalet sitt arbeid. Dette skal dekkja alle utgifter. Arbeidet som blir gjort i denne prosessen kan ein også leggja til grunn for arbeidet i andre komitear, som skal arbeida med identitetsberande element.